

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Alternativ til innstillinga:

Fylkesutvalet går inn for forsøk med vinteropen fylkesveg over Imingfjell."

### Røysting

Nilsen sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 5 røyster (H, Frp).

### Vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland avslår søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell av omsyn til villreinens behov. Spørsmålet vart grundig vurdert i Regional plan for Hardangervidda og vart ut frå ei heilskapleg vurdering då avvist. Ein dispensasjon vil dessutan svekke den regionale planen som styringsverktøy.
2. Spørsmålet om vinterbrøyting kan om ønskeleg takast opp ved rullering av Regional plan for Hardangervidda. Tidspunkt for rulleringa av den regionale planen vert avklart i dei tre fylka sine planstrategiar.
3. Eit eventuelt prøveprosjekt krev eit positivt vedtak i alle tre fylkeskommunar fordi dette vil vere i strid med ein felles vedtatt plan.